

Behandling i Fylkestinget - 18.06.2019

Heidi Nakken (H) fremma følgjande tilleggsforslag:

« Møre og Romsdal fylkeskommune ser stor verdi av å ta med Brosundtunnelen i bypakken og frå eit fylkeskommunalt perspektiv avgjerande for å nå måla med eit fungerande kollektivtilbod, og realisering av ny fylkeskommunal vidaregåande skule på Sørsida.

Møre og Romsdal fylkeskommune meinnar og at realisering av Borgundfjordtunnelen er eit viktig grep for å knytte saman Søre Sunnmøre, Sula og Ålesund. Borgundfjordtunnelen skal realiserast som eit sjølvstendig og sjølvfinansierande tiltak.»

Eva Vinje Aurdal (AP) fremma følgjande tilleggsforslag:

«I det vidare arbeidet med bypakke Ålesund byggetrinn 2 må Brosundtunnell og strekninga Vegsund- Blindheim ha førsteprioritet.»

Votering:

Tilrådinga frå fylkesutvalet punkt 1-15 fekk 38 røyster og blei vedteke, medan 9 røysta imot.

Tilrådinga frå fylkesutvalet 16-18 fekk 38 røyster og blei vedteke, medan 9 røysta imot.

Forslaget frå Heidi Nakken (H), Brosundtunnelen, fekk 10 røyster og fall.

Forslaget frå Heidi Nakken (H), Borgundfjordtunnelen, fekk 13 røyster og fall.

Forslaget frå Eva Vinje Aurdal (AP), nytt punkt 19, fekk 37 røyster og blei vedteke, medan 10 røysta imot.

Tilråding frå fylkesutvalet, i tilrådinga punkt 19 – blir nytt punkt 20, blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Fylkestinget - 18.06.2019

Statens vegvesen har tilrådd følgjande vedtak for bypakke Ålesund:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune går inn for at det vert etablert ei bypakke for Ålesund i tråd med «Bypakke Ålesund – Faglig grunnlag trinn 1» frå Statens vegvesen, datert 1. februar 2018.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune går inn for at bypakke Ålesund vert delvis finansiert med bompengar. Det er lagt til grunn ei prosjektportefølje med ei samla økonomisk ramme på om lag 3,65 mrd. kroner inkludert etablering av bomstasjonar. Følgjande finansieringsplan er lagt til grunn for prosjektet:

2019- kroner	2018-2023	2024-2029	Etter 2029	Sum
Statlege midlar	205	379	0	584
Fylkeskommunale midlar	3	82	0	85
Kommunale midlar	75	107	0	182
Bompengar	582	1399	816	2797
Sum	865	1967	816	3648

3. Bypakka skal delfinansierast med bompengar basert på tovegs innkrevjing i 14 bomstasjonar som vist i Statens vegvesen sitt faglege grunnlag.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune gir si tilslutning til at det blir lagt til grunn ein gjennomsnittleg takst på 17-22 kroner. Dette er rekna til å gi følgjande takstar:
 - Takstgruppe 1: 20 – 25 kroner
 - Takstgruppe 2: 40 – 50 kroner
5. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 prosent. Det vil ikkje vere rabatt for køyretøy i takstgruppe 2.
6. I tråd med nasjonale føringar er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 får 50 prosent rabatt, medan nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 prosent rabatt. Dersom det blir opna for at nullutsleppskøyretøy får lågare rabatt, kan dette innførast i bypakken om dette vert aktuelt.
7. Bompengetakstane er føresett regulerte i takt med auken i konsumprisindeksen.
8. Det er lagt til grunn timesregel. For køyretøy i takstgruppe 1 er det også lagt til grunn eit månadstak på 60 betalande passeringar per kalendermånad.
9. Det blir innført ein timesregel for begge takstgrupper der første registrerte passering i sentralsystemet skal gjelde. Når det blir teknisk mogleg, vil den passeringa med høgast takst i løpet av ein time gjelde.
10. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at bompengar skal krevjast inn i inntil 15 år.
11. Alle rabattordningar føreset gyldig avtale og bruk av brikke.
12. Dersom økonomien i prosjektet vert dårlegare enn føresett, er Møre og Romsdal fylkeskommune samde i at det må kuttast i fastsett portefølje for bypakka.
13. Dersom økonomien i prosjektet vert betre enn føresett, er det lagt til grunn at prosjekt frå marginallister knytt til trafikktrygging, gang- og sykkelveg eller kollektiv kan takast inn i pakken, eller at takstane og/eller innkrevjingsperioden vert redusert.
14. Møre og Romsdal fylkeskommune godkjenner at det vert sett opp bomstasjonar på lokalt vegnett om det vert ei monaleg overføring av trafikk inn på lokalt vegnett etter at tiltak som skilting, reduserte fartsgrenser og stenging er gjennomførte.
15. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at det vert arbeidd vidare med bypakke Ålesund byggesteg 2.

Gjeld Møre og Romsdal fylkeskommune:

16. Fylkestinget vedtek at Møre og Romsdal fylkeskommune bidreg med 85 mill. kroner til investeringstiltak i prosjektet bypakke Ålesund. Dette vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2021-2028. I tillegg skal fylkeskommunen finansiere eit forsterka kollektivtilbod som minst er på same nivå som investeringsmidlane i sum i løpet av bompengerperioden.

17. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet si godkjenning, garanterer Møre og Romsdal fylkeskommune med sjølvskuldnarkausjon for bompengeselskapet si gjeld, med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar.

Det samla garantibeløpet er avgrensa oppover til 1 600 mill. kroner med tillegg av 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av eventuelle tilkomne renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet blir slik 1 750 mill. kroner.

18. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiforskrifta § 3. Samla garantitid blir, inkludert byggjeperioden, på inntil 22 år frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realkostane med inntil 20 prosent og ei forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjelder inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet. Det er føresett at garantien blir sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.

19. I det vidare arbeidet med bypakke Ålesund byggetrinn 2 må Brosundtunnell og strekninga Vegsund- Blindheim ha førsteprioritet.

20. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er prinsipielt feil at ein fylkeskommune skal ta på seg garantiansvar for statleg og kommunal infrastruktur, jf. punkt 17 og 18 i vedtaket, og ber om at dette spørsmålet blir fremma som ei prinsippsak ovanfor Stortinget så snart som råd.

Etter at fylkestinget hadde avslutta avstemminga over de framlagte forslaga, leverte representantane Frank Sve (FRP), Geir Stenseth (FRP), Cine F. Austnes (FRP), Stig Rune Andreassen (FRP) og Hans-Olav Myklebust inn krav om lovlegheitskontroll.